



180 møtte fram til SPAR-arrangementet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Randi Skaug frå Ringerike, den første norske kvinne på Mount Everest, var eit godt og treffande val då SPAR i Uskedalen skulle takka kundene sine for at butikken vart best i landet av 300 SPAR-butikkar. Som dagleg leiar Bente Nilsen sa til slutt i Aktivitetshuset måndag kveld: Hvis ein berre vil, kan ein klare det utrulege!



Randi Skaug ssaman med fornøgd SPAR-kvartett: Bente Nilsen, Gunn Mari Moberg, Hjørdis Holgersen og Kjersti Børve. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rundt rekna 180 hadde teke imot invitasjonen til gratis-foredraget som energibunten Randi har kalla 'En eneste stor opptur'. Ho heldt oss fanga i nærare to timar med eit fyrverkeri av ord om korleis ho kravla seg opp på det høgaste fjellet på planeten.

Ho kunne gjerne ha rasjonert på orda og likevel fått fram den same budskapet. For vår del hadde vi eigentleg venta mindre om Everest-ekspedisjonen og meir om lærdommen og psykologien som ligg bak ein slik prestasjon.

- Det var ei fantastisk oppleving, men eg gjer det nok ikkje ein gong til, sa Randi etter ein sterk videoskildring frå det tilslett vellukka framstøtet mot toppen. 70 prosent av dei som satsar mot Everest når ikkje toppen og 10 prosent kjem aldri heim att.

Det var ein draum frå 1978 som vart verkelegheit for Randi. Ho førebudde seg i åtte år til ein bestigning som tok åtte dagar og var til slutt 10 minutter på sjølve toppen! Men sjølv fem år etterpå kan ho lett kalla fram den lukka ho kjende då målet var nådd. Og samstundes innrømmer ho at å bestiga Everest isolert sett er noko av det mest kjeisame ein kan driva med.

- Det handlar om å gjennomføra og strekkja yttergrensene utan å auka risikoen, var ein av konklusjonane .
- Fokus og uthaldenheit er avgjerande, var ein annan.
Og dette er tre viktige 'knaggar': Ein må vera god på det rette, ein må fjerna hindringar og ein må ha nok styrke og kraft. Det er også viktig å ha hjelp av flinke Askeladdar, i dette tilfellet kalla sherpaer.
Minst mulig energibruk er naturleg nok også viktig, men aller viktigast er nok maten.

Bente Nilsen lova at SPAR skal bli enda betre i framtida. Ho streka under at grunnlaget vart lagt av Hjørdis og Harald Nilsen før dei noverande eigarane tok over i 1991.

- Utan dei fantastiske medarbeidarane våre hadde ikkje butikken gått så bra og utan kundene hadde vi ikkje hatt nokon å gje så god service, sa Bente.

Aktivitetshusets Damevenner vart takka og hylla under møtet. Bente Nilsen gratulerte med ein formidabel innsats i samband med Aktivitetsdagen og styreleiar Bjørn Olav Tveit slutta seg til.

I tillegg takka han SPAR for 30.000 pantekronar i året!
- Utan Damevennene hadde vi heller ikkje hatt noko styrkerom, sa Tveit.

Av Ola Matti Mathisen